



Masfjorden kommune  
Austfjordvegen 2724  
5981 MASFJORDNES

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352  
Arve Meidell, 5557 2110

## Uttale til oppstartsmelding for kommunedelplan for trafikksikring i Masfjorden

Vi viser til brev frå kommunen datert 24.06.2020. Saka gjeld oppstart av kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden 2020-2032.

Fylkesmannen er positiv til at kommunen startar arbeid med ny trafikksikringsplan.

### Barn og unge og folkehelse


Det er positivt at kommunen skal ha fokus på barn og unge, folkehelse og universell utforming i dette arbeidet. Ein trafikksikringsplan kan vere eit nyttig kunnskapsgrunnlag når kommunen skal revidere kommuneplanens arealdel og samfunnsdel. Det kan til dømes vere nyttig med ei oversikt over trafikktryggleiken kring alle skuler og barnehagar i kommunen.

Vi minner også om at vektlegging av og bygging av sikre gang- og sykkelveggar vil kunne fremme gåing og sykling som transportform og er i samsvar med andre nasjonale mål. Det vil vere i samsvar med både klimamål, busetnad og folkehelse. Kommunen bør også ha det som sidemål i arbeidet.

### Samfunnstryggleik og beredskap

Vi ønskjer også å knyte nokre konkrete kommentarar til temaet samfunnstryggleik og beredskap i vår uttale til oppstart.

Utover det å ta utgangspunkt i registrerte ulykker og uhell, vil vi tilrå kommunen å etablere system for registrering av nesten-ulykker og tilløp til ulykker for å få eit enda betre grunnlag for prioritering. Dess mindre alvorleg ulykka er, dess mindre sannsynleg er det at den vert registrert. Normalt vil ein ha mange tilløp til ulykker for kvar ulykke som skjer, og tilsvarende mange mindre ulykker for kvar alvorlege ulykke, jf. skadepyrampen i figuren under. Difor kan det vere føremålstenleg å etablere eit system for høvesvis avvismeldingar og bekymringsmeldingar for på sikt å få eit betre grunnlag for å vurdere og prioritere kvar tiltak bør setjast inn.



*Skadepyramiden*

Vi vil òg tilrå kommunen å etablere system for måling av effektar av gjennomførte trafikktryggingstiltak. Dette m.a. fordi tiltak tidvis kan virke mot sin hensikt. Eit døme på dette er oppsetjing av gatelys. Intensjonen med tiltaket er å auke tryggleiken gjennom å skape betre oversikt. Dessverre kan denne tryggingsevinsten verte «spist» opp av auka tryggleikskjensle, noko som i sin tur kan medføre at bilistane køyrar fortare, med påfølgjande hyppigare ulykkesfrekvensar og større konsekvensar, jf. teoriar om risikolikevekt.

Vi ønsker kommunen lykke til med vidare planarbeid.

Med helsing

Svein Kornerud  
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

|                              |               |      |           |
|------------------------------|---------------|------|-----------|
| Vestland fylkeskommune       | Postboks 7900 | 5020 | BERGEN    |
| Statens vegvesen Region vest | Postboks 43   | 6861 | LEIKANGER |